

Kva:	Møte nr. 08 i Skikrinsstyret 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 5. februar 2024, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<p>REFRATSAKER</p> <p>SAK 57 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 58 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 7 23-25 Skikrinsstyret</p> <p>SAK 59 23-25 Runde rundt bordet</p> <p>SAK 60 23-25 Rekrutteringsutvalet referat nr. 02</p> <p>ORIENTERINGSSAKER</p> <p>SAK 61 21-23 Ski- og snøsamling for funksjonsnedsette</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 62 23-25 Rekneskap 2023</p> <p>SAK 63 23-25 Revidert budsjett 2024</p> <p>EVENTUELT</p>
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje Norheim Tangerud, Anders Engeland, Hilde Katrine Engeli, Tor Arne Hov, Roger Ellingsund, Jon Ove Lomheim, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 57 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 58 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 07 23-25 Skikrinsstyret
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 07 23-25 er sendt ut tidlegare, og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 07 23-25.



SAK 59 23-25 **Runde rundt bordet**
Bakgrunn

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 60 23-25 **Rekrutteringsutvalet referat nr. 02**
Bakgrunn

Jamfør SAK 41 23-25 i Skikrinsstyret vart det oppretta eit rekrutteringsutval som består av ein representant frå kvar greinkomite, Skiklubbutviklar, og adm. sjef.

Referat frå møte nr. 02 i rekrutteringsutvalet er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 61 21-23 **Ski- og snøsamling for funksjonsnedsette**
Bakgrunn

I lag med NAV Hjelpemiddelsentral har Sogn og Fjordane Skikrins invitert til ski- og snøsamling for funksjonsnedsette:

- Sogndal Skisenter Hodlekve, 7. februar 2024

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 62 23-25 **Rekneskap 2023**
Bakgrunn

Rekneskapen for 2023 er vedlagt.

Nøkkeltal pr. 31.12.2023:

Avsetning 2023 til 2024

1) Arbeidsutvalet (AU) / Rekruttering	kr. 100 000,-
Driftsinntekter samla	kr. 2 723 857,-
Driftskostnader samla	kr. 3 126 217,-
Resultat samla for skikrinsen:	kr. -402 361,-



Resultat Arbeidsutvalet	kr. -294 290,-
Resultat Alpinkomiteen	kr. -3 133,-
Resultat Hopp- og kombinertkomiteen	kr. 350,-
Resultat Langrennskomiteen	kr. -105 288,-

Total EK pr. 31.12.2023: kr. 2 319 432,-

- AU EK pr. 31.12.2023:	kr. 970 351,-
- AK EK pr. 31.12.2023:	kr. 805 995,-
- HKK EK pr. 31.12.2023:	kr. 104 667,-
- LK EK pr. 31.12.2023:	kr. 438 419,-

1) AU: kr. 100 000,- i gåvemidler frå Sparebanken Sogn og Fjordane til rekrutteringsutstyr setjast til vidareføring av prosjekt i 2024.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2023, med avsetjingar til 2024.

SAK 63 23-25

Revidert budsjett 2024

Bakgrunn

Revidert budsjett for 2024 er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner revidert budsjett.

EVENTUELT

Neste møte i skikrinsstyret: Måndag 4. mars kl. 20:00 (digitalt)

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef



VEDLEGG:

Kva:	Møte nr. 2 rekrutteringsutvalet
Tidspunkt:	Måndag 15. januar 2024, kl. 20:00
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Til stades:	Atle Hole Sæterbakken, Jon Ove Lomheim, Reidun Smørdal Hjelle, Melanie Hetkamp-Andersen (SKU) og Kennet Dvergedal (adm.)
Referent:	Kennet Dvergedal

SAK 6)

Gjennomgang av møtereferat nr. 1

Referat frå møte nr. 1 i rekrutteringsutvalet er sendt ut på e-post tidlegare.

SKU orienterte om klubboppfølging av klubbar jamfør SAK 2.

- Generell tilbakemelding er at klubbane har ei positiv innstilling og ønskje om å vere med på prosjektet.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 7)

Forventningsavklaring/ skrifteleg avtale mellom SKU og klubb

Atle Sæterbakken har laga utkast til avtale. Utkastet er sendt på e-post i framkant av møtet.

Følgjande punkt vart drøfta i møtet i samband med skrevet:

- Samarbeid på tvers av klubbar
- Fornuftig møteverksemd mtp. fysiske møter og telefonmøter
- Open formulering av krav i avtalen

VEDTAK

Avtalen vert vedtatt som den føreligg.

SAK 8)

Gåvemidlar frå SSF til rekrutteringsutstyr

I samband med Sogn og Fjordane Skikrins sitt 100års jubileum vart Skikrinsen tildelt ei gåve på kr. 100 000,- frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Midlane er øyremerka rekrutteringsutstyr og skal rapporterast på i utgangen av 2024.

Innspel til bruk:

- Rekrutteringshoppski med NNN-binding
- Langstaur
- Bueporter med polstring og bjelle
- Vanlege blanke langrennsski til friteknikk



- Innkjøp av rulleskien RULLE (kartlegge om klubbar har gått til innkjøp av disse)

VEDTAK

Melanie lagar ei liste med supplering av rekrutteringsutstyr som ho treng i SKU-bilen.

Elles bør ein prioritere kjøp av fleire hoppski. Jon Ove følger opp prisar og evt. bestilling.

Bestillingsliste blir lagt fram til godkjenning for Skikrinsstyret.

Neste møte i Rekrutteringsutvalet: Onsdag 7. februar kl. 20:30 (digitalt)

Møte slutt.

Med venleg helsing

Kennet Dvergedal
Referent